

– VI HAR FAKTISK VORE JORDA RUNDT

For om lag tre veker sidan kom søstrene Kristine og Helene Håheim Vike heim til Herøy etter 7,5 månadar på eventyr. Dei har litt å fortelje.

Folk seier til meg at eg må flytte ut frå foreldra mine og bu for meg sjølv, for då lærer eg så mykje. Men eg tenkjer: No har eg reist mykje og sett korleis verda er. Og eg har sett kor fantastisk bra vi har det her heime. Ting vi har teke for gitt. No innser vi kor viktig familie og venner er og kor godt det er å bu her. Eg har lært mykje meir av å reise jorda rundt enn eg hadde gjort av å bu i til dømes Ålesund.

Det seier Helene Håheim Vike (20), som saman med søstera, Kristine (25), nyleg kom tilbake frå ei 7,5 månadar lang verdsreise. Konklusjonen er udiskutabel: Borte bra, men heime best. Og likevel: Reisa har vore heilt fantastisk – mest på godt, men også på litt vondt.

– **Det som** gjorde mest inntrykk? Det var no det når desse hundane heldt på å stryke med ...

Helene ser på Kristine når ho seier det, berre for å få eit stadfestande nikk. Dei sit i stova i familieheimen i Herøy. Storesystema byrjar på ei forteljing – og snakkar så fort at undertekna må legge vekk datamaskina og heller spele inn heile samtalen på telefonen.

– Vi kom til New Zealand og skulle jobbe for ein familie på ein gard ...

Det er juni. Og vinter. Dei norske jentene har berre med seg sommarmarkle. Heldigvis får dei låne både jakker og skjerf av Paula og Speed, ekteparet dei skal jobbe for på workaway i eit par veker framover. Avtalen er god: Fem timar arbeid

om dagen mot kost og losji.

Den første dagen tek dei mykje pause. Ikkje fordi dei treng det, men fordi Paula rett som det er kunnigjer at det er «tea break». Jentene må for all del ikkje jobbe for hardt!

– Så fortalde Paula at ho og Speed skulle reise vekk ei veke, så vi fekk passe garden åleine. Vi trudde ho sa dei skulle fare på «Thursday». Dette var på ein måndag, så då hadde vi nokre dagar til å setje oss inn i arbeidet, fortel Kristine.

Dei høyrde feil. Morgonen etter ser jentene koffertane til vertane sine i gangen. Paula sa «Tuesday». Dermed har søstrene brått ansvaret for tre hestar, fire hundar, to kattar og tusen sauvar på forskjellige jorde.

Den første dagen åleine går knirkefritt. Den andre dagen ... Vel, den knirka i overkant mykje ...

Helene og Kristine går ut for å hente hundane som har sove i hundehus gjennom natta. Ein av dei – ein gammal, tjukk labrador – er vanlegvis ein glad og sprek hund, trass storleiken. Men i dag

vil han ikkje ut av buret. Jentene skjønar ingenting. Helene dreg han ut, men han nektar å gå.

– Vi tenkte at det var vår skuld og at han hadde fått frost i seg. Vi vart heilt paniske, fortel Kristine.

Helene sleper hunden etter seg og prøver å få i han varme. Han vert ikkje betre. Dei ringer dottera til gardseigarane for å be om råd, men ho er på veg til sjukehus og kan ikkje hjelpe. Så dei ringjer veterinæren. Han ber dei kome med ein gong.

– Eg måtte ta markløft for å få hunden inn i bilen. Han sat der berre og skalv.

Dei leitar fram GPS, køyrer på venstre side av vegen og finn omsider fram til dyrlegen. Der viser det seg at hunden har fått i seg gift. Det er sonen på garden som har hatt det utover graset – han trudde ikkje hundane likte det.

– *Det er ingenting vi kan gjere no. Vi veit ikkje om han kjem til å overleve. De må berre vente og sjå,* seier veterinæren.

– Så vi fekk han til å spy, tok han inn i huset og gjekk og passa på han heile dagen. Helene sat og grein og grein og var





EVENTYRARAR: 30. desember la Søstrene Helene (20) og Kristine Håheim Vike (25) ut på ein totalt 7,5 månadar lang verdsreise. Denne selfien tok dei ved Kuang si Falls i Laos. FOTO: HELENE HÅHEIM VIKE

heilt ifrå seg, medan eg prøvde å seie at dette går fint, fortel Kristine.

Omsider set søstrene seg for å ete middag. Då ser dei, gjennom ruta, ein av dei andre hundane – ein puddelkvalp på seks månadar – kome springande.

– *Den er blå!* roper Helene forskrekka. Og ganske rett. Den vesle hunden er heilt blå rundt munnen. Gift. Kristine må ta ein ny tur til veterinæren, medan Helene sit igjen med den andre sjuke hunden.

– Dei gav kvalpen ein tablett gjennom augo og sa at viss det kom blått spy, hadde ho fått i seg mykje gift og var mest sannsynleg smitta.

Seinare tek Kristine kvalpen med på ein luftetur. Etter få minutt, byrjar han å kaste opp – og det som kjem ut er knallblått.

– Eg vart heilt stressa og ringde Helene: «Det var blått!» Og Helene byrja å grine og var heilt ifrå seg. Eg berre: «No må du slutte med den grininga, vi har ikkje tid til det». Vi kunne ikkje ringe Paula som var på tur, for då ville ho berre bli stressa. Så vi sat der i dette hu-

set med desse hundane, og heile tida gjekk vi berre og sjekka om dei levde.

Natta vert ikkje stort betre. Dei har på alarm annankvar time, og kvar gong dei opnar døra til stova, fryktar dei å finne ein eller to døde hundar.

Men det går bra.

– På merkverdig vis overlevde begge hundane. Dagen etter låg vi berre rett ut på sofaen nesten heile dagen. Det einaste vi orka å gjere var å mate hestane. Sonen i huset har fått så mykje kjeft for den gifta.

Etter ein dramatisk start på New Zealand, hamna landet likevel på førsteplass på søstrene si liste over beste reiseopplevingar. Og dei har ikkje vore få. Vestlandsnytt har allereie skrive fleire saker basert på søstrene sin eigen reiseblogg, www.paavandring.com, i tillegg til at vi har lenka til fleire av blogginnlegga frå nettavisa vår. Fiji, Kenya og USA toppar også lista over beste land, synest jentene.

Men alle opplevingane har ikkje vore like kjekke, noko historia over syner, og



HUNDANE: Helene saman med hundane jentene passa under ein workaway på New Zealand. FOTO: KRISTINE HÅHEIM VIKE

«dessverre» er det gjerne dei vanskelege tinga ein lærer mest av – og som dessutan gir gode historier ...

– Vi har gjort éin stor feil på turen, og det var å reise til Haiti, seier jentene.

Det såg så enkelt ut. Dei var på Cuba og skulle til den Dominikanske republikk. Landet deler øy med Haiti, så Kristine, som fungerer som reiseleiar for dei to, tenkte at dei godt kunne stikke innom Haiti, berre for å ha «kryssa det av lista».

– Eg hadde ikkje googla nok. På slutten av reisa tok vi ting litt som dei kom. Vi tok fly frå Cuba til Haiti og skulle ta buss vidare derfrå til Den dominikanske republikk. Det burde vi ikkje ha gjort.

Då Kristine googlar litt meir, ser ho at Haiti ikkje er eit anbefala reisemål. Det er ikkje trygt, der er store øydeleggingar etter naturkatastrofar og dårleg politikk, og heile samfunnet er gjennomsyra av korrupsjon.

Helene og Kristine sin far, Knut-Petter Vike, sit på Grønland på jobb med hjartet i halsen. Kva i all verda har ▶



HOBBITON: Kjenner du igjen dette huset frå Hobbitten i Ringenes Herre og Hobbitten? Filmsettet er blitt ein attraktiv turistattraksjon på New Zealand. FOTO: PRIVAT



WORKAWAY: I ei av vekene på New Zealand hadde jentene ansvaret for tre hestar, fire hundar, to kattar og tusen sauar. FOTO: KRISTINE HÅHEIM VIKE

▶ døtrene hans funne på no?

– Eg gjekk inn på UDI sine sider, las om Haiti og mista nattesøvnen av heile greia. Alt som stod der stemte. Eg fekk ei melding om at det hadde vore eit helsikes styr for jentene å kome seg frå Haiti til Den dominikanske republikk, fortel han.

Søstrene ler av faren sitt oppgitte uttrykk. Men det var slett ikkje moro då det stod på.

– Både vegane og bygningane var heilt øydelagde, og der var folk overalt ute i gatene, seier Kristine.

Dei fortel mellom anna om folk som skulle ha pengar for å yte ubetydelege «tenester» utan at jentene bad om det.

Endeleg sit dei på bussen som har ein solid sprekk i ruta. Kristine tenkjer: «Eit steinsprut, så...». Og jaget har berre så vidt begynt.

– Vi stoppa på grensa til Den dominikanske republikk, og der skulle bagasjen sjekkast manuelt. Vi stilte oss i kø – lenge. I køen stod der også ein annan europeisk turist, fortel Kristine.

Søstrene ser ein av sikkerheitsvaktene gå gjennom bagasjen til jenta som kjem frå Belgia og snakkar fransk. Han tek ut toalettveska hennar og spør: «Kva tid skal du sminke deg for meg?». Så tek han ut trusene hennar og viftar dei framfor fjeset hennar.

– Eg sa til Helene: «Vi skal ikkje til han der». Vi kom inn til to stykk som heldigvis var greie. Dei såg gjennom tinga våre og vi kom oss på bussen.

Der er fleire stopp. Passkø. Ein tilsett med ein pinne i handa stikk borti folk som ikkje står på rett linje, for så å la andre lenger bak få snike i køen etter å ha betalt ein «høveleg sum».

Nokon kjem og spør etter europearar. Kristine og Helene må ut av køen og bli med inn på eit rom på baksida. Der sit tre menn, alle snakkar spansk. Ein av dei klappar Helene kontinuerleg på fanget, medan han messar «monitas, monitas». Mennene vil ha pengar.

– Dei såg på oss og på passa våre og skulle liksom identifisere oss, for då kunne dei finne ei unnskyldning for å få oss til å betale. Men vi hadde ingenting å gi. Til slutt fekk vi tilbake passa våre, før vi måtte inn i ein ny passkø og vente og vente. Det tok minst éin time å få det stempelet, fortel jentene.

Etterpå pustar dei letta ut, men berre i ein augneblink. For snart får dei vite at dei må innom sju militærstopp på den dominikanske side.

Folk med gevær kjem inn. Ser dei eit amerikansk pass, dreg dei det inn, og passasjeren må betale 20 amerikanske dollar for å få det igjen.

– Det tok aldri sutt. Vi tviheldt på passa våre, livredde for at nokon skulle

ta dei. Vi hadde jo ingen pengar.

Då dei endeleg er framme i Den dominikanske republikk, finn jentene ein hyggeleg drosjesjåfør som køyrer dei til hotellet.

– Vi la oss rett ned og var på gråten begge to. Vi overlevde!

Det var ikkje berre for moro skuld at Helene og Kristine la ut på ei verdsreise.

– Vi hadde ein plan om å sjå mest mogleg av folk og kulturar på kortast mogleg tid. Og vi skulle ha noko igjen for det, seier Kristine.

Heilt konkret ønskjer ho å kunne bruke erfaringane sine i jobben sin som lærar. No har også Helene starta på lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda.

– Det viktigaste vi har lært er å forstå forskjellige kulturar og menneske, og at alle er like mykje verd. Og så har vi skjont kor sjukt heldige vi er som bur i Noreg. Her kan barn gå på skulen og få det dei treng, og du kan sende ungane på handball- eller fotballtrening, og så gjer det ikkje noko om du er ti minutt for sein når du hentar. Det er så mange ting ein tek for gitt, seier Kristine og held fram:

– I undervisninga kjem eg også til å legge vekt på kor fantastisk verda er. Men for å forstå den, må den opplevast. Eg vil at elevane mine skal ha lyst til å reise ut for å oppleve andre menneske og kulturar. Når ein har gjort det, skjønar ein kor heldige vi er her og at vi må bruke vår situasjon til å hjelpe andre som treng det, seier Kristine.

– Vi trudde at folk hadde det verst i Afrika, men på reisa innsåg vi at Asia er endå meir fattig og skrøpeleg. Afrika får så mykje hjelp no, seier Helene.

I løpet av reisa har jentene mellom anna jobba frivillig som engelsklærarar i Laos i to veker, noko vi skreiv om i ei tidlegare utgåve av Vestlandsnytt.

Det er forskjell på å reise på ferie og å reise på tur, meiner søstrene.

– Er du på ferie, ligg du gjerne på ein solseng med ein paraplydrink i handa. Men vi har vi har vore på eventyr. Vi gjorde noko heile tida, og det var eigentleg ganske slitsamt. No når eg har kome heim, kjennest det nesten som at desse 7,5 månadane ikkje skjedde. Som om det var i eit anna liv, seier Helene.

Likevel er det godt å vere heime igjen.

– No vil eg berre til plassar eg kjenner, som Egersund og Spania der vi alltid var om somrane då vi var små.

Mora, Inger Kristin Håheim Vike, kjem inn i rommet.

– Eg er glad dei er heime igjen. Det var meir enn nok no, seier ho.

Ho har vore mykje redd for den yngste og eldste dottera si. Spesielt då dei var i Sør-Afrika og leigde bil på starten av turen.

– Då var det mange vakenetter, seier ho.

Éin gong var Inger og Knut-Petter og besøkte jentene i India og på Sri Lanka.

– India var heilt forferdeleg. (Begge jentene bryt ut i latter) Dit vil vi ikkje igjen, seier ho.

– Det er som ei tredje verd. Heilt sjukt, seier Helene.

– Ja, vil du oppleve noko spesielt, så far til India, stemmer Kristine i.

Helene smiler mot mora:

– Men du likte no Sri Lanka då.

– Ja, Sri Lanka var heilt fantastisk, smiler ho.

Og likevel er alle tre einige om éin ting: Borte kan vere vel og bra, men heime er trass alt best.

JOSEFINE SPIRO
josefine@vestlandsnytt.no